

Årsmelding for kyrkjemusikalsk verksemd i Jondal sokn 2025 Oppsettet har mal etter kyrkjemusikkplanen for Jondal sokn, vedteken 11.01.2012 og revidert 28/5.2024		
1.		Innleiing med hovudmål Saman vil vil vi ære Den treeinige Gud -ved å feire Guds nærver i ord og sakrament, med bøn og lovsong -ved å fremje salmesong, liturgi og kyrkjemusikk i kyrkjelyden vår -ved at kyrkjemusikken inviterer til refleksjon kring kristen tru, både ved å styrke og å utfordre -ved at kyrkjemusikken i gudstenester, kyrkjelege handlingar og konsertar med meir, tilfører relasjonane mellom Gud og menneske ein kunstnarleg estetisk dimensjon
2.		Gudstenester og kyrkjelege handlingar 28 Gudstenester (kyrkjespelet og pasjonskvelden tel også under konsertar, og skulegudstenesta 16/12 tel under gudstenester). 0 Friluftsgudsteneste 2025 vart grunna vêret flytta til Herand bedehus 6/7 (inkludert i totaltalet gudstenester) 2 Folkemusikkmesse frå Hardanger, 22/6 og 21/9 (inkludert i totaltalet på gudstenester) 1 Pilegrimstur m/4 tidebøner (Øvre Krossdalen- Reisæter, langs Pilegrimsvegen nord for Folgefonna) 3/7 16 Kyrkjelege handlingar, derav 2 vigsel, 1 forbønshandling av vigsla og 13 gravferder. 40 Tidebøner. 32 Morgonsong (Laudes) tysdagar i skuleåret, kl.08.30 el 08.00, av dei 18 på vår og 14 på haust. 4 var Completorium i samband med dei 4 første sommarkonsertane, 4 var på pilegrimstur. 0 -Gudstenesteverkstad/ liturgikveldar utanom trusopplæringsprosjekt
3.		Korverksemd

Årsmelding for kyrkjemusikalsk verksemd i Jondal sokn 2025 Oppsettet har mal etter kyrkjemusikkplanen for Jondal sokn, vedteken 11.01.2012 og revidert 28/5.2024		
		Jondal Babysong , samlingar på torsdagar kl.12-13 i Jondal kyrkje, med høve til vidare sosialt samvær kl.13-14
	3	babyar innom. Ingen betalande 2025.
	10	5 samlingar vår + 5 samlingar haust
		Årsrapport Jondal babysong 2025 vert meldt til Ung Kyrkjesong
	0	Familiekorprosjekt
	1	Prosjektkor Tårnagent. Samling 25/1. Medliturgar og kor på gudstenesta 26/1
	2	Prosjektkor LysVaken. Samling 25/10 og kor/ medliturgar ved gudstenesta 26/10
		Solstråla , kl.1-4 øvde på kulturskulen tysdagar kl.12.45-13.45 i 2025, og frå H25 hadde 5.kl. (Solstråla JUS) eigne øvingar torsdagar frå 14.00 i kyrkja
	15	betalande medlemmer
	34	øvingsdagar tilsaman vår + haust for den yngste gruppa.
	13	13 eigne øvingar hausten 2025 JUSgruppa
	21	arrangement/ små opptrinn. Solstråla var lokal arrangør av 3 songstunder og 1 familiekonserert. Dei deltok på Ung Kyrkjesong sitt vårtreff i Sætervika. Dei deltok på heile 21 arrangement inklusiv 3 institusjonsbesøk og 2 korovertattingsturar. Koret deltok på følgjande arrangement: 26/1 TårnAgentgudsteneste i Jondal kyrkje, 20/3 Songstund Vikevollen, 23/3 Visitasgudsteneste i Jondal kyrkje, 23/3 Visitasmiddag på Jondal skule, 4-6.april Vårtreff i Sætervika, 1/5 kyrkjespelet saman med JU og JG, 17/5 Gudsteneste, 5/6 Sommarkonsert på Hardanger Kulturgalleri, 16/6 2xAnnie-førestillingar i Multisalen, 19/8 Korovertatting på Kvåle, 2/10 Songstund på Vikevollen, 26/10 Hausttakkefest i Jondal kyrkje, 24/11 Familiekonserert i Jondal kyrkje, 30/11 Ljosmesse i Jondal kyrkje, 5/12 Songstund Vikevollen, 11/12 Korovertatting på Kvåle, 1/12 Ljosmesse, 14/12 Adventskonserert i Jondal kyrkje, 16/12 Tre nøtter til Askepott på Jondal skule, 24/12 Julaftagudsteneste i Jondal kyrkje.

Årsmelding for kyrkjemusikalsk verksemd i Jondal sokn 2025 Oppsettet har mal etter kyrkjemusikkplanen for Jondal sokn, vedteken 11.01.2012 og revidert 28/5.2024		
		Sidan hausten 2025 har Solstråla leigd Antonina Tyschenko som assistent i samband med øvingane for 2-4.klasse
		Årsrapport for Solstråla 2025 er sendt til Ung Kirkesang 28/2
		Jondal Ungdomskor var i 2025 konfirmantkoret V25 og konfirmantkoret H25 + ei eiga JUgruppe siste kvartal 2025
	21	betalande medlemmer, 10 V25 og 11 H25 i konfirmantkoret
	2	betalande medlemmer H25 til fast JUgruppe. Desse var også med i konfirmantkoret H25, og tel difor ikkje som ekstra medlemmer
		Tidebøn, liturgi/ salmar på dei fleste samlingane, noko reine korøvingar. Kursrapport ikkje sendt til Norsk musikkråd for H2025
	16	undervisingstimar. Øvingsplan både vår- og haust konfirmantkoret
	12	undervisingstimar for JUgruppa H25
	3	arrangement; Kyrkjespel 1/5 konfirmasjon 3/5 + ljosomesse 30/11 for konfirmantkoret
	3	arrangement; Adventskonsert 14/12, Juletonar frå orgelgalleriet 22/12 og Julaftagudsteneste 24/12 for den faste JUgruppa
		Årsrapport for Jondal Ungdomskor sendt til Ung Kyrkjesong 28/2
		Jondal Grendakor skal oppdaterast
	9	medlemmer
	35	øvingar. 19 øvingar V24 + 16 øvingar H24

Årsmelding for kyrkjemusikalsk verksemd i Jondal sokn 2025 Oppsettet har mal etter kyrkjemusikkplanen for Jondal sokn, vedteken 11.01.2012 og revidert 28/5.2024		
	17	arrangement.: 25/2 Gudsteneste i Jondal kyrkje, 12/3 Salmekveld i Jondal kyrkje, 12/3 Gudsteneste i Jondal kyrkje, 29/3 Pasjonskveld i Jondal kyrkje, 31/3 Høgtidsgudsteneste i Jondal kyrkje, 2/5 Kyrkjespelet»Deg å få skode» , 17/5 Gudsteneste i Jondal kyrkje, 30/5 Sommarkonsert i Herand kulturgalleri saman med Solsatråla, Kor i Vest, Herand Musikklag og Jondal Musikklag (arr: JG) , 15/9 Folkemusikkmesse & konfirmantpresentasjon i Jondal kyrkje, 6/10 Fellesgudsteneste i Odda kyrkje under litteratursymposiet, 22/10 Salmekveld i Jondal bedehus, 3/11 Helgemesse med minnedel i Jondal kyrkje, 3/11 Hovlandfest i Jondal kyrkje, 17/11 Fellesgudsteneste i Kinsarvik kyrkje jamfør Lovjubiléa 2024, 15/12 Adventskonsert i Jondal kyrkje, 17/12 Songstund på Vikevollen, 25/12 Høgtidsgudsteneste i Jondal kyrkje
		Jondal Grendakor er medlemmar i Norges Kirkesangforbund.
		Forsongarteneste- stort sett ivareteke av korgruppene og trusopplæringstiltaka 2025.
4.		Samarbeid heim/ barnehage/ skule/ kulturskule/ musikklivet elles/ kyrkja. oppdatert 16.1
	1	førjulsgudsteneste for barnehage og skule 16/12 kl.10.00
	1	krybbevandring for 5 åringane i barnehagen, 9/12 kl.09.30
	Utsett	Kyrkjeorgeltimar for 1-2.kl. Utsett grunna kapasitet
	Utsett	Salmetimar 4.kl. Utsett grunna kapasitet
	0	Salmetime Mellomtrinnet, grunna anna stort fellesarr. på skulen, vart det ikkje salmetime på skulen før førjulsgudstenesta.
	0	Salmetime Ungdomsskulen, grunna anna stort fellesarr. på skulen, vart det ikkje salmetime på skulen før førjulsgudstenesta.
	Utsett	Kyrkjemusikktimar med 7.kl. Utsett grunna kapasitet
	Utsett	Kyrkjemusikktimar med 9.kl. Utsett grunna kapasitet
		Orgelundervising

Årsmelding for kyrkjemusikalsk verksemd i Jondal sokn 2025 Oppsettet har mal etter kyrkjemusikkplanen for Jondal sokn, vedteken 11.01.2012 og revidert 28/5.2024		
	2	elev via kyrkja i 2025, litt orgelundervising i kombinasjon med JUSøvingar for 5.klasse
	0	elevar via kulturskule. Men pianoelevarne får tilbod om timar på orgelet ein eller fleire gongar årleg
		Musikarteneste oppdatert 16.1
	3	arrangement der korps deltok; 17.maigudstenesta (Herand Musikklag og Jondal Musikklag) , adventskonserten 12/12 (Jondal Musikklag) og julaftagudstenesta 24/12 (Herand Musikklag)
	7	enkeltmusikarar; Visitasgudstenesta 23/3 (2 løna- trompet og hardingfele) Pasjonskveld langfredag (2 uløna- eufonium og piano/ vokal), kyrkjespel (2 løna- piano og perc/trompet), konfirmasjon (1 løna- trompet og 1 uløna-djembe), Folkemusikkmesse 21/9 (1 løna-hardingfele), julaftagudstenesta (1 løna- akkompagnatør-piano)
	0	band løna/uløna
5.		Institusjon oppdatert 16.1
	1	nattverdgdudsteneste på skjærtorsdag, i kapellet på Vikevollen 17/4 kl.17.00
	16	andakter i peisestova på Vikevollen
	5	salmestunder i peisestova på Vikevollen. I samband med andaktene som var sette opp, vart nokon utan prest, og kantor hadde då salmestund istaden for vanleg andakt, samla hadde vi 21 samlingar på Vikevollen.
	*	Digitale overføringer. Vikevollen får vere med på alle gudstenester og salmekveldar frå Jondal kyrkje via linken https://jondalkyrkje.vossaskyen.no Kyrkjelege handlingar og konsertar kan dei følgje på same link, dersom det er avtalt.
	1	songstund med Jondal Grendakor 16/12 på Vikevollen
	3	songstunder med barnekoret Solstråla på Vikevollen
	1	songstund med konfirmantkoret 11/12 på Vikevollen - rett før salmestund

Årsmelding for kyrkjemusikalsk verksemd i Jondal sokn 2025 Oppsettet har mal etter kyrkjemusikkplanen for Jondal sokn, vedteken 11.01.2012 og revidert 28/5.2024		
	*	(Elles vitjar kulturskulen Vikevollen med Syng med oss annankvar tysdag kl.10.30, Syngande kommune/ Sang i eldreomsorg)
6.		Konsertar/ Salmekvelder. oppdatt 16/1
	1	Pasjonskveld 18/4 kl.18.00
	1	Kyrkjespel. «Deg å få skode» 2/5 kl.18.00 v/ konfirmantkoret, Solstråla, Jondal Grendakor og musikarar (arr: JS og JU)
	1	Sommarkonsert i Herand Kulturhus med Jondal Grendakor, Solstråla, Kor i Vest og Herand Musikklag. (arr: JG) 5/6 kl.19.00
	4	små Sommarkonsertar kl.20.00-20.30 v/ kantor (arr: JS) tysdag 17/6, 1/7 og 8/7 og søndag 22/6
	3	Sommarkonsertar tysdagar kl.20.00-21.00 v/ eksterne musikarar i kantors ferie. (arr: JS) 15/7, 22/7 og 3/7
	10	Salmekvelder. 6 V25 + 4 H25 inklusiv 1 salmekveld på Jondal bedehus 21/10 (arr: JG)
	1	Familiekonsert med Solstråla måndag 24/11, kl.17.00
	1	Adventskonsert, den tradisjonelle, 3.søndag i advent (arr: JS og JG)
	1	Juletonar frå orgelgalleriet, vesle vesle julafta kl.20.00-21.00 v/kantor (arr: JS), 22/12
	2	Konsertar i Jondal kyrkje ved andre arrangørar: 13/9 Konsert ved Laudamus, Norsk mandolinorkester og Gro Belsnes Eide, 21/11 JuleJazz ved Hardanger Big Band.
7.		Instrument og bemanning
	60 %	kantorressurs i Jondal sokn

Årsmelding for kyrkjemusikalsk verksemd i Jondal sokn 2025 Oppsettet har mal etter kyrkjemusikkplanen for Jondal sokn, vedteken 11.01.2012 og revidert 28/5.2024		
		Sidan kantor gjekk ned i stilling frå 75% til 60% frå februar 2020, har ikkje den 15% leidige kantorressursen vore aktivert. Barnekoret Solstråla har sidan våren 2020 kjøpt sjølv dirigentenesta si frå Ullensvang kulturskule. Dette har Solstråla avtale om stønad til frå koreigar Jondal sokn. Soknet bør søkje fellesrådet om stønad til korarbeidet. Det er ei framleis bøn til fellesrådet at dei 15 stillingsprosentane kantorstillinga vart redusert med, vert nytta til kyrkjemusikalsk aktivitet i Jondal sokn eller i Ullensvang kyrkjelege fellesråd generelt. Ved nyår 2025 har kantor søkt om å få auke oppatt kantorstillinga sin til 75% stilling. Kantor fekk då istaden 15% trusopplærarstilling i Jondal sokn, og har slik sidan 1.februar 2025 vore tilsett 75% stilling fordelt på 60% stilling som kantor + 15% stilling som trusopplærar.
		Skal oppdaterast:
	0	vedlikehald av orgel. Sist orgelservice var 20/12- 2023. Neste orgelservice var venta i slutten av 2025, men vert våren 2026, truleg 27/4-2026 Orgeltilsyn for Jondal kyrkje vert utført av Dietrich Johannes Buder Orgelverksted, Bergen. Orgelstemming og tilsyn har vore gjort kvart andre år, og nytt tilsyn bør skje seinast i 2026. Det er ønskjeleg med 1 stemming pr. år, så om det er mogeleg å oppjustere til 1 årleg tilsyn og stemming, er det fint. Orgelet i Jondal kyrkje er frå Bruno Christensen & Sønner 1988, med 26 stemmer fordelt på Svellverk, Hovudverk og Pedal. Det tredje og nederste manualet har ikkje eit eige verk, men er eit koppelmanual der alltid SV+ HV kling saman. Vi hadde ein stor reparasjon av orgelet i 2015, der mellom anna samtlege stemmer fekk nye sløyfer (av eit stoff som ikkje skal krympe) og større avstand frå sløyfe til pipestokk. Reparasjonen vart utført av Jan Mou, som overtok orgeltilsynet i Jondal etter Bruno Christensen i 2008. Mou hadde tilsynet i Jondal fram til han avslutta føretaket sitt i 2016.
	1	pianostemming 19.mars ved Ola Andersson, Andersson Musik. Denne stemminga var særskild god og har halde betre enn stemmingane har gjort på lenge. Pianoet er eit Grotrian Steinweg 122, eit konsertpiano, som bør stemmast minst to gonger pr. år. Pianoet har montert luftfuktar. Og med senka temperatur i kyrkja, bør pianoet, iallefall vinterstid ha trekket på. Pianoet vart kjøpt i ca.1982 via George Silver/ Bergen Pianoforretning, og G.Silver hadde fast tilsyn med pianoet fram til han gjekk bort i 2001. Våren 2018 vart pianoet reparert og omintonert av Bergen Pianoforretning. Jondal sokn fekk dobbel pianokrakk, i lyst tre og med blå setetrekk, i gåve frå Anne Karin Stormyr hausten 2025.
	*	Harmoniumet er ei gåve til Jondal kyrkje frå Agnes Hauge. Tomas Hauge kjøpte i si tid trøorgelet frå Erling Kråkevik. Og orgelet hadde opprinneleg stått i Berit Kråkeviks barndomsheim på Josjøen.

		Årsmelding for kyrkjemusikalsk verksemd i Jondal sokn 2025 Oppsettet har mal etter kyrkjemusikkplanen for Jondal sokn, vedteken 11.01.2012 og revidert 28/5.2024
		Mellom kantors oppgåver elles: -Samarbeid lokal stab,orstab, sokneråd m.m. -Budsjettarbeid. -Søknadsarbeid. -Rapportarbeid. -PR-arbeid. -Kontakt skule, kulturskule og andre musikk & kulturaktørar
		Jondal sokn, 5.mars 2026
		v/Anne Karin Stormyr, kantor